**Fra:** Marte Hagen Eriksrud
**Sendt:** torsdag 11. juni 2020 11.32
**Til:** arild@aasegarden.no
**Emne:** SV: Arild Aase gbnr. 186/2 - tilbakemelding på spørsmål

Hei,
Slik eg forstår din e-post så tar du opp to ting.

1. Kritisk til manglande dialog ved handsaming av innspel til kommuneplanen

Handsaming av innspel i samband med kommuneplanen sin arealdel er skildra i førre e-post, samt omtalt i tidlegare telefonsamtale. Med dei rammene som var lagt for rullering av kommuneplanen var det avgrensa med tid og ressursar til å gå i dialog med dei som sendte inn innspel til planarbeidet. Til info så vil arbeidet med kommuneplan for Alver (arealdelen) starte opp i 2021. Rammene for det arbeidet er ikkje lagt ennå, men det vil være ny anledning til å gjøre endringer i overordna plan. Vi har en ambisjon om at arbeidet med ny kommuneplan for Alver skal innebære en forbedring jamfør prosessen med kommuneplan for Lindås. Den vil ta noen år å lande, og vil i alle fall ikke ha samme begrensinger på tid, som KPA Lindås hadde.

2. Spørsmål om kva som ligg innanfor LNF-føremålet og kva som ligg innanfor LNF-spreidd næring føremålet

Slik eg oppfatter det så har du, forståelig nok, behov for å få informasjon om hvilke muligheter du har for utvikling/utbygging på din eigedom. Som omtalt i punkt 2 og 3 i e-post under, så vil en forhåndskonferanse med kommunen, være arenaen for å kunne få kunnskap om nettopp dette. Slik jeg har forstått det så har du konkrete prosjekt du ønsker å få realisert, og videre saksgang for disse prosjektene, kan du få gode svar på i en forhåndskonferanse. Ditt spørsmål om forskjellen mellom LNF og LNF-spreidd næring, kan også svarast ut i ein slik førehåndskonferanse.

Du kan eventuelt også ta en generell kontakt mot plan og byggesak for å få rettleiing rundt hvor grensa går for kva som ligger innenfor LNF og LNF-spreidd næring.

**Marte Hagen Eriksrud** | Rådgjevar på plan og analyse

Telefon: 563 75 637

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

ALVER
KOMMUNE

**Fra:** arild@aasegarden.no <arild@aasegarden.no>
**Sendt:** tirsdag 2. juni 2020 13.32
**Til:** Marte Hagen Eriksrud <marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no>
**Emne:** SV: Arild Aase gbnr. 186/2 - tilbakemelding på spørsmål

Hei
Takk for tilbakemelding.

Eg kan ikkje sjå at det ligg nokon beskrivelser for hvorfor eg ikkje  kan bruke  andre område på garden som eg har søkt om. Her er det jo tilfeldig korleis det er valgt ut areal for bruk av områder på garden til andre formål. Kvifor er ikkje grunneigar/titakshavar ein del av denne uttakelsen når areal skal endrast til andre formål. Dette blir jo meiningslaust når ein ikkje kjenner området eller den endra aktiviteten.
Kva er forskjellen på å etablere tursime som ny næring i landbruket på vanlig LNF område, kontra etablere camping/hytte utleie i eit LNF spred næring område?
Eg ønsker ei gjennomgang med dei som har tenkt i denne saka slik at eg kan få svar konkret for mine innspel til arealplan.

Mvh
Arild Aase

---

**Fra:** Marte Hagen Eriksrud <marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no>
**Sendt:** fredag 22. mai 2020 10:40
**Til:** arild@aasegarden.no
**Emne:** Arild Aase gbnr. 186/2 - tilbakemelding på spørsmål

Hei,
Viser til e-post og telefonsamtale om gbnr. 186/2.

Følgjande e-post er utarbeida i samråd med Marianne Aadland Sandvik, avd. leiar Plan og byggesak og Kjartan Nyhammer, avd. leiar Landbruk.

1. Kritisk til manglande informasjon/involvering ved handsaming av innspel til rullering av kommuneplanen sin arealdel (Lindås).
    - Det er viktig å vere klar over at eit innspel til kommuneplan ikkje er ein søknad og ikkje ei enkeltvedtakssak etter forvaltningslova (fvl) § 2 b. Du får ikkje partsstatus som følgje av innspelet. Det har konsekvensar for korleis kommunen kommuniserar med deg og for kva rettar du har. Med dei rammene som var lagt for rullering av kommuneplanen var det avgrensa med tid og ressursar til å gå i dialog med dei som sendte inn innspel til planarbeidet. Innspelet ditt vart vurdert av prosjektgruppa for planarbeidet, og konkluderte på å rå til å endre tre områder til LNF-spreidd næring (i tråd med vår oppfatning av ditt innspel til planarbeidet). Av dei områda som ikkje var lagt inn som LNF spreidd næring, var det ei blanding av at føremålet ikkje var i tråd med LNF-spreidd næring og/eller at innspelet vart vurdert til å ha negativ konsekvens for landbruksdrifta (dyrka mark o.l.). Prosjektgruppa sin tilråding til siling og vurdering av innspela var til handsaming i politisk styringsgruppe for planarbeidet. Planforslaget var på 1. gangs høyring og offentleg ettersyn, før kommunestyret vedtok planen 15. oktober 2019. Det er ikkje klagerett på kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 1 1 -1 5.
2. Etterspør informasjon om kva endringa frå LNF til LNF-spreidd næring betyr.
    - Alle tiltak som er i samsvar med LNF, kan realiserast utan at krav om utarbeiding av reguleringsplan slår inn. Det kan til dømes søkjast om oppføring av bygningar knytt til stadbunden næring utan detaljregulering (altså bygningar knytt til dagleg drift av eigedomen). Endringa frå LNF til LNF-spreidd næring, har med andre ord ingen konsekvens for ditt areal før du eventuelt ønskjer å legge til rette for anna næringsverksemd, som fell utanfor LNF-føremålet. Arealet for spreidd næring kan nyttast i samsvar med føresegn 2.2.3 til KPA for Lindås. Tiltaka krev plan før dei kan søkjast om og gjennomførast. Eit landbrukslager vil vere i samsvar med LNF, viss det

er drift på garden, men ein treningshall for hund, vil kunne utløyse krav om detaljplan.
  - Vidare prosess: viss du ønskjer å søkje om tiltak i tråd med LNF-føremålet, ta kontakt med byggesak. Vår tilråding vil vere å bestille ein førehandskonferanse https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/. Det er gebyrbelagt, men det vert utarbeida eit referat og landbruk kan koplast på i møtet, slik at nødvendige avklaringar kan fattast i møte. I eit slikt møte kan ein til dømes drøfte grensegang for tiltak i samsvar med LNF eller LNF-spreidd næring. Viss du ønskjer å starte prosess med ein detaljreguleirng, må du ta kontakt med planforvaltning. Sjå nettside for kontaktinfo: https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/

3. Etterspør informasjon om kva føresegna i kommuneplanen sin arealdel (Lindås) 2019-2031 betyr for eigedom 186/2. Inkludere behov for meir detaljert avklaring av kva konsekvensar båndleggingssonen for E39 har for aktiviteten på garden.
   - Vidare oppfølging: viss aktuelt med førehandskonferanse med byggesak, vil desse spørsmåla kunne besvarast i det møte. Viss det ikkje er aktuelt, send e-post til byggesak@alver.kommune.no.

Eg er lei for at det har tatt tid å gje deg ei tilbakemelding.

**Marte Hagen Eriksrud** | Rådgjevar på plan og analyse

Telefon: 563 75 637

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

ALVER KOMMUNE

---

**Fra:** arild@aasegarden.no <arild@aasegarden.no>
**Sendt:** torsdag 26. mars 2020 09.49
**Til:** Marte Hagen Eriksrud <marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no>
**Emne:** SV: Båndlegginga av arealer vedrørende E39

Hei Marte
Takk for informasjonen.
Eg har ikkje fått vite at det er skiftet farge på fleire areal på garden min gnr 186 bnr 2, til LNF spreid næring. Slik eg ser det, er områda eg allereie har drevet med tilleggsnæring i landbruket, dei som no er farga til LNF spredt næring. I mine innspel til plan i 2019, beskreiv eg akkurat dette med at vi har drevet fleire tillegsnæringar i landbruket dei siste 25 åra, men at vi ynskte å drive med fleire. Dette er godkjente tilleggsnæringar i landbruket som vart oppretta i kombinasjon med mjølkeproduksjonen. Nye næringar som beskrevne i mine innspel er andre næringar som ikkje direkte bruker garden sine ressursar.
Kan ikkje sjå at det er laga LNF spredt næring på kartet, som står i samanheng med mine innspel tidlegare. Her verkar det som om ting har gått litt fort i svingane i planarbeidet.

Eg har hverken  vore med i noko uttalelse av dette arbeidet kommunen har gjort, og har heller ikkje fått spørsmål eller fått vite at det er gjort endringar hjå meg.
Trur det må være ei misforståing av min innspel og korleis kommunen har tolka dette.
Alle tillegsnæringane me har på Aasegarden i dag, bruker ressurser på garden. Naturen, vatn, fjell , hinderløyper i skogen, areala på garden, drikkevatn, grovfor produsert på garden, turstier, sagrusk, gjødsel til jordbearbeiding osv. Alt dette er gardens ressurser og krev derfor ikkje endring  i plan.

Eg ynskjer ein gjennomgang av endringa som kommunen har gjort , for å få klarhet i kva som er tenkt i mitt tilfelle.
Kan ta dette på telefon i disse Korona tider.

Mvh
Arild Aase
Mobil 97752329

---

**Fra:** Marte Hagen Eriksrud <marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no>
**Sendt:** onsdag 25. mars 2020 09:26
**Til:** arild@aasegarden.no
**Kopi:** Omre Gunn Cecilie <gunn.omre@vegvesen.no>; Stangnes Fritjof <Fritjof.Stangnes@norconsult.com>
**Emne:** SV: Båndlegginga av arealer vedrørende E39

Hei,
Viser til e-post korrespondanse under.

Du søkjer ordinært til Alver kommune. Om ditt tiltak eventuelt må sendast til uttale til Statens vegvesen, i tråd med føresegn 4.3.1 i kommuneplanen sin arealdel (Lindås), vert vurdert av sakshandsamer for søknaden din.

På våre nettsider finn du rettleiing og kontaktinformasjon om du har behov for hjelp:
https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/

Føresegn 4.3.1 gjeld for sonen for bandlegging i samband med KDP E39-arbeidet og kva føringar som gjeld for sonen. Link til føresegn og retningslinjer for kommuneplanen sin arealdel (Lindås):
https://www.alver.kommune.no/siteassets/innhald/plan-bygg-og-eigedom/overordna-planar/kpa_li_2019/kpa_foresegner-og-retningsliner_vedtatt-15102019.pdf

**Marte Hagen Eriksrud** | Rådgjevar på plan og analyse

Telefon: 563 75 637

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

Kan ikke vise det koblede bildet. Filen kan være flyttet, ha fått nytt navn eller være slettet. Kontroller at koblingen peker til riktig fil og plassering.

**Fra:** Stangnes Fritjof <Fritjof.Stangnes@norconsult.com>
**Sendt:** tirsdag 24. mars 2020 17.44
**Til:** arild@aasegarden.no
**Kopi:** Marte Hagen Eriksrud <marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no>; Omre Gunn Cecilie <gunn.omre@vegvesen.no>
**Emne:** RE: Båndlegginga av arealer vedrørende E39

Hei Arild, jeg gjør oppmerksom på at Norconsult i dette oppdraget arbeider for Statens vegvesen. Det er Alver kommune som er planmyndighet. Alle henvendelser om kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen må du rette til Marte Hagen Eriksrud eller Gunn Cecilie Omre.

mvh

**Fritjof Stangnes**
Landskapsarkitekt/planlegger
Markedskontakt Plan, region vest

Mob: +47 415 07 954
fritjof.stangnes@norconsult.com

**Norconsult AS**, Postboks 1199, 5811 Bergen
Valkendorfsgaten 6, 5012 Bergen
Tel: +47 55 37 55 00 | Fax: +47 55 37 55 01
www.norconsult.no

**From:** arild@aasegarden.no <arild@aasegarden.no>
**Sent:** 24. mars 2020 14:15
**To:** Stangnes Fritjof <Fritjof.Stangnes@norconsult.com>
**Subject:** Båndlegginga av arealer vedrørende E39

Hei Fritjof

Holder på å skal søke om bygging av sagbruk og treningshall m/landbrukslager på garden min. Når eg snakka med deg siste gang du var på Aase sa du at det ikkje skulle være noe hinder for meg å bygge i forbindelse med E39. I dag når eg skal sende søknaden ser eg at garden min er markert som båndlagt på grunnlag av utreding av E39. Må eg søke om dispensasjon fra dette hjå dykk eller kan eg berre søke kommunen ordinert om oppføring av landbruksbygg. Dette er byggningar med for utvikling av vår drift som har vore planlagt i to år. Det vil være svært uheldig for skogsdrifta og tillegsnæringane mine om eg ikkje får løyve på grunn av ei båndlegging for heile garden min.

Kan du eller vegvesenet sende en bekreftelse til meg på at dette  ikkje er til hinder for dykkar planer, slik at eg kan få søkt og starte bygging.

Håper på svar snarast.

Mvh
Arild Aase